



Møteinnkalling

Utval: KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 16.02.2010 **Tid:** 18.00


Eventuelt forfall kan meldast til telefon 70 24 40 00.
Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

SAKLISTE

Sak nr.	Arkivsak
1/10	09/225 BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE (sakshandsamar: Haldor Aasebø)

Skodje, 9. februar 2010

Bjørn Nedreskodje
leiar


Judith Vik
politisk sekretær

Arkivsak nr.: 09/225
Arkiv: EIG Nedlagde skular
Sakshandsamar: Haldor Aasebo

Sak nr.:	Utval	Motedato
1/09	Kultur,- miljø- og energiutvalet	24.03.2009
4/09	Kultur,- miljø- og energiutvalet	14.04.2009
5/09	Kultur,- miljø- og energiutvalet	26.05.2009
1/10	Kultur,- miljø- og energiutvalet	16.02.2010

BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE

SAKSOPPLYSNINGAR:

Bakgrunn:

Etter at skulane vart nedlagde som grunnskular, har bygningane vore nytta av lokalmiljøa til ulike kultur- og fritidsaktivitetar. Dette skaper utfordringar for å forsvare drift og vedlikehald av bygga. Utvalet har difor vorte utfordra til å sjå etter aktivitetar som kan auke bruken av bygga, og dermed få til meir forsvarleg drift.

Utvalet har drøfta saka fleire gonger, og kome med innspel til rådmannen.

Engeset skule:

Skulen treng vedlikehald, og det må nokså store utbetringar til for å få skulen opp på ein akseptabel bygningsmessig standard. Det bør skiftast vindauge, El-anlegget må gjennomgåast og ein er usikker på kva stand taket er i. Skulen er og vanskeleg tilgjengeleg for rørslehemma. Frå utvalet si side vart det spurt om det let seg gjere å bruke skulen til eit alternativt skuletilbod for elevar med særlege behov.

Det er viktig at anna bruk av skulen ikkje gjer det vanskelegare for bygda å halde fram med dei kultur- og fritidsaktivitetane ein no driv.

Brusdal skule:

Skulen er nyare, og dermed i betre stand. Bygningsmessige kostnadar for å nytte skulen til andre formål er difor mindre. Utvalet kom med framlegg om at ein burde prøve å lyse ut skulelokala til leige. Ein var og opptekne av hindringar som ligg i "Brusdalsskjønnet".

Det er viktig at anna bruk av skulen ikkje gjer det vanskelegare for bygda å halde fram med dei kultur- og fritidsaktivitetane ein no driv.

VURDERING:

Vurdering av løysingar:

Underteikna har vore i kontakt med rektor på Sjøholt skule, einingsleiar for grunnskuletenester i Haram og kommunalsjef i Ålesund kommune. Formålet med kontakta var å høyre om det er behov, vilje og ønskje til å samarbeide om eit slikt prosjekt.

Frå rektor på Sjøholt vart det reagert positivt i høve til eit slikt tilbod. Dei har eit begrensa behov, så utfordringa vert å finne ei organisasjonsform som gir trygg nok økonomi. Han understreka at dette var første reaksjon og ikkje måtte verte sett på som bindande.

Frå einingsleiar for grunnskuletenester i Haram, vert ideane vurderte som interessante. Han meiner likevel at å gå inn på eit forpliktande samarbeid vil vere vanskeleg.

Når det gjeld Ålesund kommune, vert det understreka at kommunalsjefen ikkje har fullmakt til å seie verken ja, eller nei, men slik han vurderer det er det ikkje aktuelt å gå inn på ei slik løysing. Ålesund kommune har Stafsetneset og ressursteamet som jobbar inn mot denne elevgruppa. Rådmannen konkluderer med at det er lite realistisk å arbeide vidare med tanke på å få til eit interkommunalt samarbeid om eit slikt prosjekt.

Det vil difor vere meir naturleg å gå vidare med andre løysingar.

Løysingane kan bli:

Engeset skule:

Dei som brukar skulen har ikkje vore interesserte i å ta over skulen i slik forfatning den er no. Det er hovudsakleg grunna store forventa vedlikehaldskostnader. Det bør difor vere aktuelt å gå i drøftingar med brukarane av Engeset skule om å overta skulebygningen. Med overtakinga må det vere med ein sum pengar som kan brukast til dei store, viktige vedlikehaldsoppgåvene. Det er vanskeleg å anslå kor stor denne summen må vere, men grundigare bygningsmessige vurderingar vil kunne gi svar. Med ei slik løysing vil ein få ei langsiktig løysing for skulebygningen.

For Brusdal skule.

Teknisk avdeling opplyser at "Brusdalsskjønnet" har meir fokus på talet på personar som brukar skulebygningen, enn på kva type aktivitet som går føre seg. Erfaringar frå tidlegare kontaktar med Ålesund kommune tyder på at det er lite truleg at dei vil vere med på å lempe på avtalen. Eit råd er å la Ålesund kommune vere med i eventuelle planar heit frå starten av ein planprosess.

Tre aktuelle bruksområde kan nemnast.

1. Alternativt skuletilbod for elevar som treng særleg tilrettelagt undervisning. Dette alternativet er drøfta tidlegare, og vert ikkje tilrådd av rådmannen.
2. Base for norskopplæring for vaksne innvandrarak. Denne undervisninga skjer no på rådhuset. Der er for lite plass så ein må finne nye lokaler. Dei som arbeider med vaksenopplæring meiner Brusdal skule er veileigna, men understrekar at det kan by på problem med skyss. Dei ønskjer heller plass i den nye idretts- og kulturhallen. Ev. sambruk mellom vaksenopplæring og kultur/fritidsaktivitetar på Brusdal skule bør kunne gå fint.
3. Barnehagelokale. Kommunestyret vedtok i samband med økonomiplanen at det skal byggast nye lokale til barnehage på Stette. Frå rådmannen si side vil ein likevel peike på at eit alternativ kan vere å vurdere å bruke Brusdal skule til barnehagelokale.

RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:

MELDING OM ENDELEG VEDTAK TIL: